

Referat frå møte i felles brukarutval i Sogn og Fjordane

Dato: 14.desember 2023

Tid: Kl 11.00 - 16.00

Stad: Førde sjukehus – møterom 4

Leiar: Marita Aarvik

Referent: Randi Holsen Solheim

Deltakarar		Fråvær
Namn	Organisasjon	
Marita Aarvik	FFO (LHL)	
Jan-Tore Odd	FFO (LHL) meld fråvær	x
Michael Milde	FFO Norges Blindforbund	
Cesilie Udberg Helle	FFO (Mental helse)	x
Ruth Berit Garfors	FFO LPP	
Arne Hovland	FFO	x
Linda Blålid	FFO CP-foreningen	
Solfrid Fossberg	Sogn og Fjordane pensjonistforbund	
Magne Sellevold	Kreftforeningen	
Stein Erik Øvrebø	SAFO NFU	
Lene Hetle	SAFO	x
Grethe Fischer	Kommunalt råd	
Gunn Karin Sande	Fylkeskommunalt råd	
<i>Elin Therese Sørbotten</i>	<i>KS/Sunnfjord kommune</i>	<i>x</i>
<i>Børge Tvedt</i>	<i>Helse Førde</i>	

Tid	Sak	Tema
11.00	36/23	Godkjenning av innkalling og sakliste
11.10	37/23	Godkjenning av referat frå førre møte
11.15	38/23	Aktuelt nytt frå Helse Førde – Børge Tvedt
11.45	39/23	Utkast til årleg melding frå Helse Førde v/ utviklingsdirektør Anne Kristin Kleiven
		Matykt kl 12.15
13.15	40/23	Evaluering av eiga verksemd gjennom året Erfaringsutveksling frå utvalsmedlemmane - kva har vore bra? Mindre bra? Frekvens for møteverksemd? Prosjektdeltaking etc? Sakliste og referat? Årshjul? Dialog med leiar/nestleiar/ sekretær? Runde med tilbakemelding frå den einskilde representant.
14.00	41/23	Informasjon frå avdelingssjef Pasientreiser - Marita førebur spørsmål
14.45	42/23	Årshjul – framlegg til aktuelle datoar og aktivitet i 2024 – obs oppdragsdokumentet
15.00	43/23	Årsmelding – oppsummering av innspel
15.15	44/23	Open Post – brukarane sin time <ul style="list-style-type: none"> Økonomirapportering – obs innsending av reiserekningar Leiar rapporterer frå arbeidsgruppa sitt møte med KS og helse og omsorgsutvalet i kommunane

Sak	Referat
36/23	Innkalling og sakliste godkjend
37/23	Referat frå førre møte godkjend
38/23	I sin presentasjon med aktuelt nytt frå Helse Førde var Børge Tvedt innom fleire aktuelle tema som t.d. økonomisk status, ventetider og kvalitetsindikatorar. Utvalsmedlemene var aktive med spørsmål som vart svart ut fortløpande. Sjå eigen presentasjon.
39/23	Utviklingsdirektør Anne Kristin Kleiven presenterte utkast til årleg melding frå Helse Førde. I utgangspunktet er dette eit svar på korleis helseføretaket har handtert ansvaret slik det framgår av oppdragsdokumentet i 2023. Retningslinjene skisserer at også FBU skal vere inkludert i prosess med rapporteringa. Meldinga skal presenterast for styret siste veka før jul, og utvalsmedlemene vert oppfordra til å kome med innspel til leiar Marita som eventuelt tek desse med til styremøtet. Kleiven orienterte også om organisasjonstilpassing med at FBU formelt vert lagt til samhandlingsseksjonen frå nytt driftsår.
40/23	Saman med fagansvarleg Wenche Lammetun i Pasientreiser orienterte avdelingssjef Trude Njøsen Helgås om aktuelle retningslinjer og prosedyrer for pasientreiser med og utan rekvisisjon. I dialog med utvalsmedlemene vart det fortløpande gjort greie for ulike aktuelle problemstillingar, som t.d. at pasientar som ikkje kan bruke offentleg transport av medisinske årsaker, kan få stadfesting frå behandlaren på at det er nødvendig å bruke eigen bil – sjå elles eigen presentasjon.
41/23	I saka om evaluering av eiga verksemd gjennom året vart det stilt fylgjande spørsmål; Kva har vore bra? Mindre bra? Frekvens for møteverksemd? Prosjektdeltaking etc? Sakliste og referat? Årshjul? Dialog med leiar/nestleiar/ sekretær? Tilbakemelding frå utvalsmedlemene var i hovudsak positive på alle desse punkta, og det årlege møtepunktet med styret vart omtalt som svært viktig og positivt. Prosjektdeltakinga vert tidvis opplevd utfordrande, og sjølv om ein oplever gjensidig respekt stiller ein seg spørsmål om ein har reell påverknad... Det vart også nemd at det er vanskeleg å rapportere frå møter med fagfolka. Kanskje bør møterreferata frå prosjektmøta også distribuerast til FBU? Det har ikkje vore tydeleg at open-post-saka i hovudsak er meint som erfaringsutveksling og rapportering frå mellom anna prosjektdeltaking. Dette bør presiserast betre i framtidige saklister.
42/23	Årshjul 2024 – sekretær presenterte framlegg til aktuelle datoar og aktivitet, og oppmoda samstundes medlemmane til å vere aktive i innmelding av tema til utvalsmøta. Førebels utkast vert å sende ut med referatet.
43/23	Utkast til utvalet si årsmelding for 2023 vart presentert, og etter noko drøfting var det semje om at meldinga burde reviderast noko. Leiar Marita reviderer nytt utkast som vert å sende ut til medlemmane for ny godkjenning. Frist for tilbakemelding og ferdigstilling 7.januar.
442/23	Open Post – brukarane sin time Økonomirapportering frå sekretær – truleg vil rekneskapen for 2023 balansere marginalt innafor godkjend budsjett. Leiar rapporterte frå arbeidsgruppa sitt møte med KS og helse og omsorgsutvalet i kommunane.